



Film In Norway AS
c/o Joachim Lyng Stallmestervegen 2D
7046 Trondheim

Vår referanse
20/2285 22/14544

Din referanse

Sakshandsamar
Rune Sjurgard

Dato
22.07.2022

Søknad om landingsløyve for helikopter på Jakta - Film in Norway

Kommunedirektøren har vurdert søknaden om landingsløyve frå Film in Norway og merknadane frå Naturvernforbundet. Det vert gjeve løyve til inn til to landingar på Jakta i perioden 24. – 25. juli 2022.

Bruken av løyvet skal dokumenterast ved at GPS-logg vert sendt til kommunen seinast 3 veker etter at flyginga er gjennomført.

Vedtaket er heimla i § 6 i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

Søklar må sjølv innhente løyve frå grunneigarar i området.

Saksopplysningar:

Film in Norway AS søkjer om landingsløyve for helikopter på Jakta den 24. juli, med 25. juli som subsidiær dato av omsyn til vêrtilhøve. Søknaden kjem i samband med eit oppdrag for eit internasjonalt produksjonsselskap, som ønskjer å bruke fjellformasjonar som bakgrunn i samband med ny teknologi innan film- og videoproduksjon. Søknaden knyter seg til synfaring av fjella som potensielle lokasjonar for dette prosjektet. Det er fagekspertar innan denne produksjonsteknologien som skal vere med på flyginga.

Det er ønskje om å få løyve for inn til to landingar på den datoen som vert valt for gjennomføring av flyginga, dersom det vert gjeve løyve.

Dersom Jakta vert valt som lokasjon, påpeikar søklar at prosjektet har eit slikt omfang at marknadsføringseffekten kan verte vesentleg. Ikkje berre for Noreg som reisemål, men også desse fjella og nærliggande område. Det vert presisert det eventuelle sluttproduktet vil framstille Jaka som faktisk lokasjon og ikkje som eit anna geografisk område. Det vil vere berre ein hovudlokasjon for dette prosjektet.

Oppdraget med å synfare fjell i området er stipulert å vare i to veker og det er difor ønskeleg å nytte helikopter til dette arbeidet. Prosjektet vil nytte seg av lokale leverandørar av varer og tenester, som transport, overnatting og entreprenørar.

Jakta ligg i grenseområdet mellom Ørsta og Volda kommune, nord for Viddal og har ei høgde på 1 588 meter over havet. Det er ein relativt lang tur til fots.

Søknaden er sendt både til Volda og Ørsta kommune ettersom Jakta er grensefjell. Dei har også søkt om landtingløyve på Keipen i Ørsta kommune. Ørsta kommune har sendt søknaden til Naturvernforbundet i Møre og Romsdal for uttale. Grunna den korte sakshandsamingstida har administrasjonen i Ørsta kommune også teke telefonisk kontakt i førekant av utsendinga for å gjere merksam på at fristen for uttale er noko kort. Naturvernforbundet har gjeve følgjande fråsegn til søknaden:

«*Jakta og Keipen ligg rett opp for Hotel Union Øye, som i nyrestaurert prakt reklamerer med å vere «ein stad kor gjestar kjem for å nyte stilla, roa og det gode liv i storslegne omgivnader.»*

Toppen ligg også rett ovanfor Slogen, der det er folkevandring til topps kvar dag veret tillet det. Til topps mot Jakta går nok ikkje så mange, men heilt sikkert er der grupper på veg opp Konedalen, eller i råsa frå Viddal kvar solskinsdag i juli.

Korleis har Film in Norway tenkt å «ta særlig hensyntil utenforstående turgåere samt natur»? Det må dei forklare nærare. ... Sette opp skilt med informasjon / advarslar? Gje turgåarane tilbod om skyss til topps? Nei, - dette er eit av dei mest ettertrakta friluftsområda i heile landet, og det må vernast mot kommersiell utnytting og støy.

Lov om motorisert ferdsel opnar for nokre dispensasjonar. Vi kan ikkje sjå at der er heimel for ein dispensasjon for Film in Norway sin søknad. Om denne persontransporten er for å rekognosere,- «på scout med kunden», så ligg der 360 graders panoramabilete frå toppen av Jakta på nettet. Denne dispensasjonssøknaden er jo og heilt useriøs i høve til retten vi har til å anke eit eventuelt løyve til Statsforvaltaren før flyginga skjer, og også i høve grunneigarane sine rettar. Om dette firmaet skal opptre seriøst, må dei lære seg at sakshandsaming ikkje skjer på telefon til kommunen. Søkjaren må få avslag.»

Vurderingar

Dette er ein søknad som skal handsamast i høve § 6 i lov om motorferdsel i utmark. Der heiter det at: «*Når særlige grunner foreligger, kan kommunen gi tillatelse til bruk av motorfartøy eller lufffartøy som ellers ikke kan finne sted etter denne lov eller med hjemmel i loven.*

Tillatelse etter første ledd kan gis for bestemte høve eller for bestemte tidsrom. Kommunen kan sette vilkår for tillatelsen.»

I rundskriv T 1/96 vert det presisert at det skal stillast strenge krav til kva som skal oppfattast som «serlege grunnar». Til dømes at motorferdselen er naudsynt, har eit nytteføremål og at behovet ikkje kan dekkast på annan måte. Vidare skal behovet vurderast i høve moglege skader eller ulemper ut frå lova som intensjon om å redusere motorferdselen i utmark og naturområde til eit minimum.

Denne saka kan sjåast i samanheng med satsinga på naturbasert reiseliv som ein viktig næringsveg i regionen. Hjørundfjorden har eit potensial med eit geografisk nedslagsfelt med naturleg samarbeid mellom Volda og Ørsta, jfr også Masterplan for reiseliv i Ørsta kommune. Ørsta kommune vurderer i si handsaming av søknaden at det kan vere grunnlag for å vurdere slike filmproduksjonar, og førebuingar til slike, som føremål i samsvar med kommunale prioriteringar. Det er også i samsvar med tidlegare praksis i Ørsta kommune. Reiseliv har eit potensial for utvikling i Volda kommune, og kommunedirektøren meiner det innanfor skånsame rammer er viktig å leggje til rette for marknadsføring av dei naturgitte fortrinna kommunen har. Reiseliv bør vurderast i regionalt perspektiv, og det er rimeleg at Volda og Ørsta har rimeleg lik praksis i slike saker.

Kommunedirektøren har vore i tvil om behovet for landingsløyve i samband med slike førundersøkingar er stort nok i høve intensjonane i lov om motorferdsel i utmark. Men praktisk sett vil vere svært utfordrande å utføre fleire slike synfaringar over kort tid i krevjande terreng

til fots. Difor ser kommunedirektøren at det er ønskeleg å nytte helikoptertransport i dette tilfellet.

Tida på året og potensielt skadeomfang har også vore vurdert. Ettersom det er tale om ein til to landingar på høge toppar, vurderer kommunedirektøren ulempene og skadeverknadane for dyrelivet som avgrensa. Den mest sårbare perioden for til dømes rovfuglar er februar-juli. Sidan vi er i slutten av denne perioden og landinga skal finne stad på over 1 500 meter over havet, vert skadeeffekten vurdert som relativt liten.

Kommunedirektøren går difor inn for å kome søknaden i møte på det vilkår at det vert gjennomført inn til to landingar på Jakta i tidsromet 24. – 25. juli 2022.

Merknadane frå Naturvernforbundet er vurdert. Kommunedirektøren er samd i at søknaden kjem noko seint med tanke på sakshandsamingstid og innhenting av uttale. Det er ikkje korrekt at søknaden er gjort per telefon. Kommunen har motteke ein skriftleg søknad. Kommunedirektøren er samd i at søknaden gjeld landingsløyve i verdifulle fjellområde, der ein i utgangspunktet skal avgrense motorisert ferdsel.

Det er viktig at ein i handsaminga av slike søknader legg vekt på filming som marknadsføring for å syne naturen og bruk av naturen, og at ein ikkje promoterer helikopter som transportmiddel i samband med utøving av friluftsliv. Til dømes «heliskiing». Kommunedirektøren vurderer det slik at eit landingsløyve avgrensa til ei til to landingar vil ha avgrensa negativ effekt for dyreliv og friluftsliv, målt opp mot dei prioriteringane som kommunen har lagt til grunn.

Bruken av løyvet må dokumenterast. Dette skal gjerast ved at GPS-logg vert sendt til kommunen seinast 3 veker etter at flyginga er gjennomført.

Volda og Ørsta kommune har samordna seg i denne saka ettersom Jakta er eit grensefjell mellom dei to kommunane.

Det vert gjort merksam på at søkjar sjølv må innhente eventuelle løyve frå grunneigarar, der det vert aktuelt.

Kommunedirektøren vil elles peike på at denne søknaden vart motteken kort tid før den aktuelle flyginga er planlagt å finne stad. For ettertida vert det føresett at ein søknad kjem inn i god før planlagd aktivitet, slik at kommunen får rimeleg tid til sakshandsaming og å hente inn uttale.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering går kommunedirektøren inn for å gje eit landingsløyve som er avgrensa til to landingar på Jakta søndag 24. juli eller måndag 25. juli.

Ei slikt avgrensa løyve, der skadepotensialet vert vurdert som lite, er elles i samsvar med tidlegare vurderingar og vedtakspraksis.

Med helsing

Rune Sjurgard
kommunedirektør

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.

Mottakar

Film In Norway AS

c/o Joachim Lyng
Stallmestervegen 2D

7046

Trondheim

Kopi til

Naturvernforbundet I Møre
Og Romsdal

c/o Øystein Folden Rasta 4

6630

Tingvoll

Vedlegg

Naturvernforbundet - Uttale i høve søknad om landingsløyve på Jakta og Keipen
Søknad om landingsløyve med helikopter - Jakta søndag 24. juli